

Vigrestadfirma Osnes AS har betong- og elementarbeidet på Haugland.

13.10.2020



Dagleg leiar i Osnes, Sverre Osnes, er godt nøgd med arbeidet og framdrifta i Uskedalen.

Betongelementa er no montert på det nye driftsbygget til Stian og Tor Ove Haugland. Osnes AS frå Vigrestad hadde full styke i arbeid på Haugland i går, eigne tilsette og innleigde firma på ulike arbeidsoppdrag. Dagleg leiar Sverre Osnes var sjølv på plasen og leia arbeidet. Til saman er det montert 40 element. Det neste er takkonstruksjonen.

Grude Bygg frå Klepp på Jæren har hovudentrepisen. Osnes er leigd inn for utføra forskaling, betong og elementmonteringa. Elementa kjem frå H-element i Sandeid med Ølen Betong som medeigar. Mobilkranen med løfeevevne på 150 tonn kjem frå Nordic Crane Vest.

Sverre Osnes fortel til Uskedalen.no at det var far hans, Jan Ove Osnes, som starta firma i 1998. Sjølv vart han leiar i 2004. Sonen hans er alt med for å sikra neste generasjon i Osnes AS. Grude Bygg er inne med 20 %. Det er fem fast tilsette i Osnes. I tillegg kjem merkantil teneste og innleigde arbeidarar på nokre område, til dømes på sveis.



Kranbil frå Nordic Crane med ei løfteevne på 150 tonn er på plassen.

Ny driftsbygning på Haugland er det andre store oppdraget inne i Kvinnherad. For nokre år sidan var dei hos Magne Hjelmeland i Omvikdalen. Dessutan har dei hatt arbeid på Halsnøy og i øvre Krossdalen i Jondal. Elles tek dei på arbeid i heile sør Noreg, frå grensa mellom Nordland og Trøndelag til Rogaland, Agder og Hordaland. Osnes har også kundar på Austlandet, på Hamar og i Stokke.



40 element går med til ferdig bygg på Haugland.

Oppdraget på Haugland vert rekna som ein stor jobb, til ein kostnad på 1,7 millionar kroner. Element og overbygget kjem i tillegg. All betong er levert lokalt frå Dimmelsvik. Elementa er transportert på spesialbygde lastebilar frå Sandeid, anten over Skånevik eller Stord, til Sunde for mellomlagring. Kvart element veg mellom 7 og vel 9 tonn.

Tor Ove Haugland fortel at tidsplanen held så langt. Ei tidlegare forseinking er nær på arbeidd inn. Det neste er overbygget med stålsperrer og tak i sandvich plater. Om vel fire veker kan Felleskjøpet starta florsinnredninga som til slutt er montering av mjøkeroboten.

Ola Haugland i Felleskjøpet har teikna og prosjektert den nye løa og floren på Haugland.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ei ku med kalv er prega inn i betongveggen ved inngangen.